

# **Lokal forskrift om feie- og tilsynsgebyr, Bremanger kommune, Vestland**

Heimel: Fastsett av Bremanger kommunestyre 25.03 2021 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og ekspljosjonsvernlova) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17.

## **§ 1 Føremålet med forskrifta**

Formålet med forskrifta er å gje kommunen grunnlag for å dekke utgiftene sine i samband med gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i medhald av brann -og ekspljosjonsvernloven § 11 første ledd bokstav h. Tenesta skal prisast i samsvar med sjølvkostprinsippet.

## **§ 2 Verkeområde**

Forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle byggverk med fyringsanlegg, gjennomført av eller i regi av Bremanger kommune, i samsvar med forskrift om brannforebygging.

Fritidsbustader som ligg meir enn 1 km frå bilveg vert unntekte frå ordninga.

## **§ 3 Definisjonar**

I denne forskrifta tyder:

- a. *Eigedom*: Fast eigedom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgevinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- b. *Eigar*: den som har grunnboksheimelen til byggverk som vert omfatta av feie- og tilsynsordninga.
- c. *Byggverk*: Bygningar, konstruksjonar og anlegg.
- d. *Fritidsbustad*: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstypar:
  - 161 Hytter, sommarhus o.l.
  - 162 Heilårsbustad som nyttast som fritidsbygning
  - 163 Våningshus som nyttast som fritidsbygning
- e. *Fyringsanlegg*: Omfattar eldstad, sentralvarmekjelle eller tilsvarande der varme vert produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.
- f. *Røykkanal*: Røykkanal omfattar heile kanalen for røykgass frå fyringseininga til utslepp i atmosfæren, og omfattar røykrør frå eldstad til skorstein. Skorstein er den vertikale delen av røykkanalen, og kan innehalde fleire vertikale røykkanalar.
- g. *Skorstein*: konstruksjon av eitt eller fleire lag som omsluttar den vertikale delen av røykkanalen. Ein skorstein kan innehalde fleire vertikale røykkanalar.
- h. *Tilsyn*: kontroll med om fyringsanlegget er intakt, verkar som føresett og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade.

## **§ 4 Gebyr**

Gebyret skal dekkje kommunen sine utgifter knytt til levering av feie- og tilsynstenesta.

Det skal krevjast gebyr frå eigar av byggverk med eit eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje.

Gebyret skal vere årleg. Gebrysatsane blir fastsett kvart år av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet. Gebyrplikta er ikkje knytt opp mot tidspunktet for feiing eller tilsyn.

Gebyret per eigedom blir fastsett etter tal på røykkanaalar tilknytt eigedomen.

For eigedomar med gassfyre fyringsanlegg vert gebyret rekna pr. anlegg.

Kommunen kan krevje særskilt gebyr viss feiar eller tilsynspersonell etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid ikkje har fått tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget, eller viss eigar ikkje har vore til stades og/eller ikkje har lagt forholda til rette for tilkomst.

Krav på gebyr etter § 28 i brann- og eksplosjonsvernlova er tvangsgrunnlag for utlegg og blir kravd inn av skatteoppkrevjaren etter reglane for innkrevjing av skatt.

## **§ 5 Gebyrfritak**

Kommunen kan etter skriftleg søknad gje fritak frå tenesta og frå å betale gebyr.

Gebyrfritak kan gjevast dersom fyringsanlegget ikkje er i bruk over tid. For å kunne få fritak må det vere fysisk skilje mellom eldstad og røykkanal (skorstein). Dette kan skje ved å fjerne røykrørstilkoplinga og mure igjen holet i skorsteinen.

Det er eigar, gjennom søknad om gebyrfritak, som er ansvarleg for å underrette kommunen om at fyringsanlegget ikkje lenger er i bruk og varsle kommunen dersom fyringsanlegget vert teke i bruk igjen. Kommunen må godkjenne søknaden før gebyrplikta fell bort.

Dersom fyringsanlegget er teke i bruk utan at kommunen har blitt varsla, kan kommunen i etterkant fakturere gebyr.

Dersom eigar/brukar unnlet å melde installasjon av fyringsanlegg, kan kommunen krevje gebyr etterbetalt frå det tidspunktet fritak ble gjeve.

## **§ 6 Andre tenester**

Dersom eigar ynskjer feiing, tilsyn eller andre tenester utover det lovpålagte, for eksempel inspeksjon/kamerakontroll og fresing av skorstein, må eigar sjølv ta kontakt med kommunen og avtale dette. Bremanger kommune fastset pris på eventuelle tilleggstenester gjennom gebyrregulativet.

## **§ 7 Klage**

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrift må sendast skriftleg til Bremanger kommune. Klagebehandling knytt til gebyr blir gjennomført av kommunen.

Sakshandsaminga ved klager følgjer reglane gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og forvaltningslova (lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker).

## ***§ 8 Handheving og sanksjonar***

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal finne stad i samsvar med kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

## ***§ 9 Iverksetjing***

Forskrifta trer i kraft frå 01.05.2021.